



NAUSTDAL KOMMUNE
RÅDMANNEN

Sak nr. 03/31

Mottatt HV RHF

4 OKT 2006

Adresseliste:

Sakshandsamar: Jeanette Kj. Vie *dir tlf: 578 16102*
Vår ref. JKV/06/670-2/K2-G00 *Dykkar ref:*

Dato: 29.09.2006

SLÅ RING OM SENTRALSJUKEHUSET I SOGN OG FJORDANE - FRÅSEGN NAUSTDAL KOMMUNESTYRE

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak frå Naustdal kommunestyre 21.09.2006, sak 040/06.

Med helsing


Jeanette Kj. Vie
sekretær

Mottakar:

Erling Sande
Gunvald Ludviksen
Helse Førde
Helse- og omsorgsdepartementet
Helse- og omsorgskomiteen
Helse Vest
Ingrid Heggø
Reidar Sandal
Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS)
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Åge Starheim

NAUSTDAL KOMMUNE**SAKSUTGREIING**

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. KOMMUNESTYRET	Møtedato 21.09.2006	Saksnr 040/06	Sakshands. JMH

Saksansv.: Jan Herstad	Arkiv: K2-G00 Objekt:	Arkivsaknr 06/670
	Avgjerd av:	

**SLÅ RING OM SENTRALSJUKEHUSET - FRÅSEGN NAUSTDAL
KOMMUNESTYRE****Vedlegg:****Andre saksdokument (ikkje vedlagt):****Saksopplysningar:****Vurdering:****TILRÅDING:**

Naustdal kommunestyre ser med stor uro på utarminga av spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane. Førde Sentralsjukehus er motoren i helsevesenet i fylket og ei nedbygging av Sentralsjukehuset vil setje helsetilbodet for folk i fylket 30 år attende i tid.

Sjukehuseigar må slå ring om Førde Sentralsjukehus og fagmiljøet der, for å sikre folk i Sogn og Fjordane tilgang til spesialisthelsetenester når behovet er der. Då vil ein samstundes sikre drift av Sjukepleiarhøgskulen og legeutdanning ved FFS, slik at ein får ei betre rekruttering av fagfolk til fagmiljøet ved Sentralsjukehuset, til lokalsjukehusa og til kommunelegetenesta. Sentralsjukehuset er lokalsjukehus for halve fylket.

Helse Førde har ei råde som ikkje er stor nok til å drifte eksisterande verksemd. Den skeivheita som lenge har eksistert i dei økonomiske overføringane må rettast opp snarast. I lys av dette vert det svært uheldig når styret sine vedtak vert overprøvde. Reduksjonar i sjukehusstilbodet kan derfor bli retta mot spesialisthelsetenestene ved Sentralsjukehuset. Dette vil medføre ei svært negativ utvikling for sjukehusstilbodet i Sogn og Fjordane, samt utdanning og rekruttering av legar. Sjukehusa må som ei kvar anna verksemd arbeide for rasjonell og kostnadseffektiv organisering.

Kostnadene forsvinn ikkje om pasientane vert sendt til eit anna spesialsjukehus. Dei prioriterte legetenestene må finansierast fullt ut. Innsparing av driftskostnader ved sjukehusa gjennom t.d. tidleg utskriving av eldre pasientar, vil i stor grad flytte kostnader over på kommunane.

Staten som sjukehuseigar må syte for tilstrekkeleg økonomi, til den samla prioriterte sjukehusverksemda, slik at det kan bli ro kring ei trygg og velfungerande sjukehusteneste, også i vårt fylke. Dersom det er deler av sjukehustilbodet utover Sentralsjukehusfunksjonen, som skal oppfylle særskilde nasjonale mål, må det tydeleggjerast gjennom den statlege finansieringa. Derneft må styret få arbeidsro til den indre organiseringa.

Utskrift sendast til:
Helsedepartementet
Helse Vest
Helse Førde
Stortingsbenken i Sogn og Fjordane
Helse og Sosialkomiteen på Stortinget
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS)

21.09.2006 KOMMUNESTYRET

VEDTAK:

Fråsegna vert samrøystes vedteken.